

Midsteggen  
Postboks 127  
5371 Skogsvåg

Tlf 56 31 92 00  
Fax 56 31 92 01  
Epost sundva@c2i.net

Org 980 384 608  
Bank 3628.07.26030

**SUND VA**  
SUND VATN OG AVLAUP AS

# ARKIV

Sund, 10.02.2000

Sund Kommune  
Sund Senter  
5382 Skogsvåg

## **AVTALE OM OPPGÅVEFORDELING SVA - SK**

Eg visar til dykkar brev datert 18.01.2000, ref 9904515-3

Vedlagt fylgjer to eksemplar av avtaLEN underskrive av Sund vatn og avlaup AS. Eit eksemplar returnerast underteikna av kommunen.

Med vennleg helsing

*Arne Bergo*  
Arne Bergo  
Dagleg leiar

Vedlegg

# **AVTALE**

**Mellom** **Sund Kommune (SK)** **og**  
**Sund vatn og avlaup AS (SVA)**

## **1. HOVUDRETNINGSLINER**

Sund vatn og avlaup AS skal på vegner av eigaren - Sund kommune, ha ansvar for alle oppgåver knytt til drift og utbygging av offentlege vass- og avlaupsanlegg i kommunen. SVA tek ansvar for at drifta av desse anlegga tilfredsstiller dei krav til kvalitet som er gitt i lov, forskrifter og spesielle godkjenningsvedtak. Gjennomføring av større tiltak skal fylgja den prioritering som kommunestyret fastset i hovudplanar for vassforsyning og for avlaup. SK kommune har ansvar for at desse planane er oppdaterte.

Verksemda til SVA skal finansierast ved aksjekapital, lån og årlege avgifter frå abonentane. Vass- og kloakkavgift skal krevjast inn i samsvar med forskrift. Heile avgiftssummen skal gå til finansiering av drifta av SVA. Avgiftsregulativ som fastset årlege avgifter og tilknytingsavgifter skal vedtakast av SK etter innstilling frå SVA.

SVA skal finansiera vidare utbygging og drift av dei offentlege vass- og avlaupsanlegga. Selskapet kan medverka til å løysa andre oppgåver enn dei som er naturleg å dekka med vass- og kloakkavgifter når anna langsiktig finansiering er sikra – og slik innsats ikkje hindrar utviklinga av VA- anlegga i vesentleg grad.

SVA skal vederlagsfritt overta alle eksisterande offentlege vass- og avlaupsanlegg i Sund kommune. Overtakinga gjeld og utstyr og reiskapar som i det vesentlege har vore knytt til drifta av desse anlegga. Anlegga skal verdsetjast etter nærmere retningsliner.

SVA skal ha som overordna målsetting å gje innbyggjarane eit godt tilbod om vass- og avlaupstjenester til lågast mogeleg pris. Selskapet skal difor utvikla ein kostnadseffektiv organisasjon for drift og utbygging.

## **2. OVERFØRING AV PERSONELL**

I medhald av arbeidsmiljølova har personell rett til å vurdera tilbod om overføring når eksisterande verksemd vert flytta til nytt driftsselskap.

To stillingar i SK si driftsavdeling er knytt direkte til vatn og avlaup. Det vert tinga om overføring av desse stillingane.

### **3. STØTTEFUNKSJONAR**

SVA kjøper eksterne støttefunksjonar (tenester) ut over det som er avklara i denne avtala på fritt grunnlag. SK skal ha høve til å gje tilbod om levering av slike tenester på felt der kommunen har kompetanse. SVA vurderer tilboda på forretningsmessig grunnlag.

### **4. ARKIV**

SVA får overta kopi av aktuelt arkivmateriale som vedrører dei offentlege vass- og avlaupsanlegga frå SK.

### **5. LEIDNINGSKARTVERK OG KARTVERK**

SVA overtek ansvar for vedlikehald av sjølvleidningskartverket for offentlege VA-anlegg. SK oppdaterer grunnlagskartverket og liknande. SVA får fri tilgang til grunnlagskartverket, men dekker etter nærmere avtale sin del av kostnad / arbeid med oppdatering av felles kartverk.

### **6. IT - LØYSINGAR**

SVA og SK vil utarbeida ei samarbeidsavtale om IT-løysingar som mellom anna sikrar funksjonelle løysingar for utveksling av informasjon mellom dei to verksemndene.

### **7. GRUNNAVSTÅING, EIGEDOMAR OG RETTAR**

SK vil framleis formelt stå som grunneigar og rettshavar i høve til eksisterande VA-anlegg. SVA får fullmakt til å handla på vegner av SK i saker som vedrører desse rettane. Når SVA ser eit klart behov, kan SK sine rettar overførast til SVA.

For nye anlegg vil SVA stå som grunneigar og rettshavar. I tingingar om overtaking av slike rettar, vil SVA samarbeida med SK for å sikra lik avtalepraksis i høve til grunnavtaler.

### **8. ABONNENTREGISTER OG AVGIFTSINNKREVJING**

SVA tek over ansvaret for abonnementsregisteret og innkrevjing av vass- og kloakkavgifter på vegner av SK frå og med år 2000.

Etter nærmere avtale skal SK i 2 år (t.o.m. 2001) framleis stå for det praktiske arbeidet med registerføring og innkrevjing. SK skal utføra desse oppgåvene til sjølvkost.

Etter 2 år står SVA fritt til å vurdera tilbodsinnhenting på desse oppgåvene (jfr. pkt. 3 i denne avtala).

## **9. DRENS- OG OVERVANNSLEIDNINGAR**

I utgangspunktet vert slike leidningar framleis SK sitt ansvar. SVA overtek leidningar som naturleg er knytte til vass- og avlaupsanlegg etter nærmere avtale for den einskilde leidning.

## **10. UAVKLARA ANSVARSFORHOLD**

SK tek ansvar for å avklara spørsmål som vedrører overgang frå offentleg til privat ledning og andre uavklara ansvarsforhold vedrørande anlegga. SVA tek over ansvaret for den del av leidningsnettet der det er avklara at leidningane er offentlege.

## **11. AVGIFTSRABATTAR OG FRITAK**

Eksisterande avtalar om særlege avgiftsvilkår skal inntil vidare gjelda. Nye avtaler der det er aktuelt å gjera avvik frå vedteke betalingsregulativ kan berre gjennomførast ved at SK sikrar eit forretningsmessig grunnlag for SVA.

## **12. TRAFIKKSIKRING**

SK og SVA skal søke å gjennomføra tiltak som til dømes gangvegar, sykkelvegar og annan vegutbetring i samband med utbygging av VA-anlegg. SK skal ha ansvar for planlegging og finansiering av tiltak knytte til vegutbygging. Oppgåvene kan løysast ved å oppretta prosjektgrupper etter behov.

## **13. OVERTAKING AV EKSISTERANDE ANLEGG ; ÅR 2000**

SVA tek over eksisterande anlegg og ansvar for drift og vedlikehald av desse frå mandag 03.01.2000. Før overtakinga skal anlegga vera opplista og vist på kartmateriell som vert utarbeidd /oppdatert innan nærmere avtala frist. SK har ansvar for førebuing, beredskap og gjennomføring av tiltak knytt til år 2000 problem.

## **14. KARTLEGGING AV TILSTANDEN FOR EKSISTERANDE ANLEGG**

I løpet av hausten 1999 skal tilstanden for alle pumpestasjonar, reinseanlegg og vesentlege leidningsanlegg kartleggjast. Det skal også gjennomførast målingar av vannmengder og trykk for å kartlegge kapasitet og lekkasjar. Kartlegginga vert gjennomført som ein del av førebuinga for overføring av anlegga frå SK til SVA. Kartlegginga skal gjennomførast i samarbeid mellom SVA og SK med SK som ansvarleg.

## **15. KOMMUNALE HOVUDPLANAR OG REGULERINGSPLANAR**

SK kan be SVA ta del i kommunalt planarbeid der kommunen ser behov for plansamarbeid.

## **16. KOMMUNEDELPLAN VATN OG AVLAUP**

Kommunedelplanar for vatn og avlaup vil vera SK si hovudretningsline for dei oppgåver kommunen vil at SVA skal prioritera. SVA må i denne samanheng vurdera om planane er realistiske i høve til selskapet sin økonomi – og selskapet sin rolle som vassverkseigar /driftsselskap. SVA skal leggja fram slik vurdering før kommunestyret fattar sine planvedtak.

SK samarbeider med SVA om det løpende arbeidet med oppdatering og rullering av desse planane. SVA si rolle kan i denne samanheng samanliknast med rolla til ein innleigd konsulent. Det formelle ansvaret for planprosessen og førebuing for vedtak i kommunale organ ligg hos SK som før.

## **17. BYGGESAKSHANDSAMING**

Det vert utarbeidd rutinar for SK sin kontakt med SVA i samband med byggesakshandsaminga.

Detaljar vedrørande tilknyting til offentlege leidningar skal avklarast mellom ansvarleg røyrleggar og SVA.

For meir omfattande utbyggingsplanar skal samarbeidet mellom SK og SVA avtalast i høve til den einskilde oppgåva.

## **18. SAMARBEID OM ANDRE OPPGÅVER**

SVA og SK kan gjera avtaler om samarbeid om andre oppgåver dersom partane finn det tenleg i høve til hovudretningslinene nemnde i pkt.1 i denne avtala.

## **19. STADFESTING AV AVTALA**

Denne avtala er stadfesta av Sund kommunestyre i møte 28.09.99 – sak K.93/99.

Avtala er tilsvarende stadfesta av styret i Sund Vatn og Avlaup AS i møte 21.10.1999.

Niels Stegen.....den 10/02.2000

.....Sune Bergo.....

**SUND E**  
SUND VATN OG AVLAUP AS

Sund Vatn og Avlaup.....den 16/2.1999 2000  
  
Kommune